

Sak 53-21: Fritidsbustad 123/6 – Klage på pålegg om gebyr.

Tilråding til vedtak:

VØR finn ikkje å ta klagen til følge.

Jfr. § 11 i forskriftene for renovasjon i Volda og Ørsta, er styret i VØR siste klageinnsans. Vedtaket er såleis endeleg.

Samandrag.

Renovasjonsforskriftene for Volda og Ørsta Kommunar gir ikkje klagerett for gebyr fritidshus. Jfr § 3b) Administrasjonen kunne såleis ha avvist klagen, og lagt den fram for styret som referatsak slik vi brukar gjere der vi gir avslag. Når vi likevel legg den fram for styret som sak, er det fordi klagar ber særskilt om at styret får saka til handsaming.

Innleiing og oppsummering.

Administrativt opplever vi at klagen kjem som følge av mistydingar om kva renovasjonsgebyret på eigedomar for privathushaldningar og fritidseigedomar skal dekkje.

Renovasjonsgebyr er eit kommunalt eigedomsgebyr, og det skal dekkje kostnadene med hushaldningsavfall som oppstår på eigedomane. Det er meir enn innsamling og oppsamling av avfall som oppstår i kjøken og bad. Det var kanskje slik fram til ca. 1990, men då vart ureiningslova revidert og måla i nasjonal avfallspolitikk endra. Seinare revisjonar har følgt same retning.

I korte trekk har ansvaret til kommunane og definisjonen av hushaldningsavfall endra seg til der det i dag gjelder mottak av avfall som oppstår på heile eigedomen. Avfall som oppstår frå opphald og kvile på eigedomen. Møblar som vert utskifta. Oppussing innvendig og utvendig og aktivitet i hage. Det siste som ikkje enno er heilt avklart, er statleg pålegg om å utvide kommunalt ansvar til å delta i gjenbruks-butikkar / verkstad, finansiert over renovasjonsgebyret.

Den juridiske retten til eigedomseigar / huseigar til å levere avfall har og endra seg i samsvar med dette.

Frå 2015 har privathuseigar hatt rett til fritt å levere farleg avfall inn til 1000 kg pr år pr eigedom, 500 kg med isolerglas med PCB (farleg avfall i pakningane) Kommunen (VØR) har plikt til å ta imot, og dekkje kostnadene for disse mengdene via renovasjonsgebyret. Om huseigar betalar gebyr eller ikkje, frittek ikkje VØR plikta til å ta imot slikt farleg avfall utan kostnader for eigar av eigedomen.

Eit hus som står tomt eller nesten tomt treng og vedlikehald. Det kan vere skifte av impregnerte terrassebord, vindu som er klassifisert som farleg avfall som skal skiftast ut, malingsrestar, pesticidar frå hagebruk, eller asbesthaldig tak på garasje eller uthus som skal skiftast. Dette gjeld eigedomen og er ikkje knyt til opphald og eller kvile.

Gebyret skal dekkje informasjonsverksemd overfor abonnentane. Miljødirektoratet krev no at også eigarane av fritidshus skal ha høve til full kjeldesortering. Det er vi i gang med å bygge ut. Det krev utbygging av infrastruktur og det krev informasjonsverksemd. Renovasjonsgebyret dekker kostnaden med å ha gode opningstider på miljøstasjonar ilag med låge prisar slik at eigar av eigedom både får levert avfall frå eigedomane sine som ikkje skal i avfallsbeholdarane, og til ein pris som gjer at stasjonane vert nytta.

Renovasjonsgebyret dekker og kostnaden med at avfallet vert sortert og levert til materialgjenvinning så sant mogleg. Både tilrettelegginga og ettersorteringa. Økonomisk sett er det ikkje billigaste å materialgjenvinne i mange høve, men samla sett er det viktigare for samfunnet at ressursane vert nytta opp att og opp att som råvarer, enn at ressursane endar på deponi eller vert destruerte gjennom energigjenvinning. Alternativet til materialgjenvinning er store naturinngrep for å ta ut nye naturressursar, og den samfunnsmessige verdien av å ta vare på naturen er frå storting og regjering, vekta høgre. Råvarer skal framover åra som kjem i større grad hentast frå avfall.

I sum har disse rettane og krava frå lovgjevar gjort det slik at alle med eigedomar etter kvart, store eller små, må delta i renovasjonsordningane, av den grunn at dei før eller seinare treng å nytte seg av ordningane. Dei einaste som lokalt får fritak, er eigedomar som er mindre enn 20 kvm. eller er til forfalls. Jfr forskriftene § 3 b) Kategori 4.

Om ein eig ein eller fleire eigedomar tek verken lovgjevar eller renovasjonsforskriftene omsyn til. Det gir ikkje grunnlag for fritak for gebyr.

Om klagen og situasjonen til klagar.

Klagar, eigar av g.b.nr 123/6, Anne Steinsvik Nordal har eit fritidshus i Dalsbygdvegen 152. Sambuaren Olav Egset har eit fritidshus i Steinsvika. Ho skriv i klagen sin at dei aldri overnattar i Dalsbygdvegen, men derimot i Steinsvika. Dei oppfattar det og tungvint å ta med seg avfallet til Folkestad. Klagar ber om ei prinsipiell vurdering av kor mange renovasjonsgebyr to pensjonistar skal betale i Volda Kommune.

Lovheimel og grunning for tilråding til vedtak.

Første ledd i klagen.

Ifølgje forskriftene for renovasjon i Volda og Ørsta § 2, andre ledd og § 4, omfattar dei alle grunneigedomar i Volda og Ørsta, også fritidseigedomar. § 3 definisjonar fortel kva kategori fritidshusgebyr eigedomen høyrer inn under. Eigedomen er såleis omfatta av forskrifta. § 3b) definisjonar andre setning, slår fast at eigedomen ikkje kan få fritak for gebyr.

Slik det går fram av forskriftene § 2 § 3 og § 4 regulerar forskriftene tilhøve ved eigedomane og ikkje individuelle tilhøve knytt til eigar av eigedom, slik som om ein overnattar eller ikkje. Eigedomen Gbr 123/6 oppfyller vilkåra for gebyr, og er ikkje i ein slik stand som nemnt i § 3b) Kategori 4 (nedfalls)

Søkjar opplyser at ho tek med seg avfallet frå eigedomen til Steinsvika, der dei overnattar. Levering til anlegget på Folkestad vert oppfatta som tungvint. Slike tilfelle er omtala i forskriftene § 11. Andre ledd.

Overnatting er ikkje eit vilkår i renovasjonsforskriftene, eller forureiningslova som forskriftene er heimla i.

Vår konklusjon: VØR har heimel for å påleggje renovasjonsgebyr. Klagen vert ikkje å kome i møte.

Lovheimel i forskriftene for renovasjon i Volda og Ørsta.

Sitat:

§ 2. andre ledd.

Denne forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedomar i Volda og Ørsta, inklusiv kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning. Også fritidseigedommar.

I § 3 b) definisjonar står det følgjande :

Fritidsbustad er husvære utan fast busetnad, som ikkje vert brukt over 4 månader i året. Ein kan ikkje ha fast bustadadresse ved eigedomen. Fritidsbustad er ikkje omfatta av § 10 c og d i denne forskrift. (fritak for gebyr) Abonentar til kategori 1–4 leverar sitt avfall til felles oppsamlingspunkt for fritidshusrenovasjon.

Kategori 1 (høg sats. 50 % av gebyr renovasjon standard)

Hytter, fritidshus og bustadhus der det ikkje er fastbuande, og som oppfyller alle 3 kriteria:

- a. Innlagt straum,
- b. vatn og avlaup,
- c. gev som er køyrbar heile året eller båtbrygge.

Kategori 4 (fritekne)

Hus, hytter, sel mindre eller lik 20 m² BRA.


Huseigar kan søkje VØR om varig fritak for hus som stå til nedfalls.

§ 4. Kommunal innsamling av avfall

Kommunane har med grunnlag i forureiningslova § 30 1. ledd innført tvungen renovasjon for hushaldningsavfall.....Tvungen kommunal renovasjon gjeld også for fritidseigedomar.

§ 11. Unntak/klager – praktisering andre ledd.

Det at ordninga ikkje vert brukt, at bruken er tungvint eller vert sett på som unødvendig eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak frå ordninga eller betalingsplikta.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Vedlegg: Korrespondanse i saka.

Edle Holmin

Fra: DoNotReply@cms.custompublish.com
Sendt: fredag 26. mars 2021 11:30
Til: firmapost@vor.no
Emne: Kontakt oss - reply 2557123
Vedlegg: reply20210326112939.xml

Kontakt oss

Fornamn Anne Steinsvik
Etternamn Nordal
Epost nostanne@outlook.com
Telefon 91371773
Adresse Rotsetgeila 11
Stad 6100
Kva har du spørsmål om? Abonnement

Melding Hei!

Me har to fritidshus i Dalsfjorden, og betaler dermed nesten fire tusen kroner i renovasjonsgebyr: for huset i Dalsbygda er det tungvint og vert ikkje brukt, når me må levere bosset på Folkestad, då tek me det like gjerne med tilbake til Volda.

Eg foreslår at styret i VØR vurderer samarbeid om fritidshusrenovasjon, når husa ligg i same området. Det må vere eit rimeleg krav.

Anne Steinsvik Nordal

Last opp bilde

Cat 470570
Id 6145548
Cpformid 17214

<https://www.vor.no/?cat=470570&id=6145548>

Unique ID: 2557123

Time: 2021-03-26 11:29:39

IP: 147.12.*.*

XML data is attached to this e-mail.

Edle Holmin

Fra: VØR Resepsjon-Fellespost <firmapost@vor.no>
Sendt: onsdag 3. november 2021 10:01
Til: Anne Steinsvik Nordal
Emne: SV: Klage på søknad om fritak

Hei!

Stadfestar at vi har motteke og registrert dykkar klage på vedtak. Klagen vil verte lagt fram for Styret i VØR på førstkomande styremøte som er sett til 07.12.21.

Med venleg helsing



Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS

Tlf: 70 04 86 00

firmapost@vor.no

www.vor.no

Fra: Anne Steinsvik Nordal <nostanne@outlook.com>
Sendt: tirsdag 19. oktober 2021 09:53
Til: VØR Resepsjon-Fellespost <firmapost@vor.no>
Emne: Klage på søknad om fritak

Vedlagt er klage på søknad om fritak for renovasjon i Dalsbygd gnr. 123 bnr.6 Dalsbygdvegen 152.

Anne Steinsvik Nordal

Sendt frå [E-post](#) for Windows

Frå: firmapost@vor.no
Sendt: fredag 26. mars 2021 11:29
Til: nostanne@outlook.com
Emne: Takk for din henvendelse

Takk for din henvendelse. Vi tar kontakt så snart som mulig

Mvh VØR

Kontakt oss

Fornamn	Anne Steinsvik
Etternamn	Nordal
Epost	nostanne@outlook.com
Telefon	91371773

Adresse Rotsetgeila 11

Stad 6100

Kva har du spørsmål om? Abonnement

Melding Hei!

Me har to fritidshus i Dalsfjorden, og betaler dermed nesten fire tusen kroner i renovasjonsgebyr: for huset i Dalsbygda er det tungvint og vert ikkje brukt, når me må levere bosset på Folkestad, då tek me det like gjerne med tilbake til Volda.

Eg foreslår at styret i VØR vurderer samarbeid om fritidshusrenovasjon, når husa ligg i same området. Det må vere eit rimeleg krav.

Anne Steinsvik Nordal

Last opp bilde

RID: 2557123

Volda 19.okt. 2021

KLAGE PÅ MELDING OM RENOVASJONSGBYR

Viser til brev av 11. oktober -21 om renovasjon for gnr.123 bnr. 6, Dalsbygdvegen 152.

Her får eg avslag på søknad om fritak. Dette meiner eg er svært urimeleg, då me betaler for renovasjon i Volda, Rotsetgeila 11, og for hytte i Steinsvik (Olav Egset, sambuar), alt i same kommune.

Me er to personar, og me overnattar aldri i Dalsbygda, men på hytta i Steinsvikja.

Eventuelt boss frå dagsturar til Dalsbygd i samband med vedlikehald, tek me med til Volda, og det har me god plass til i vårt boss-stativ.

Å levere boss på Folkestad, er svært tungvint, det er 15 km kvar veg å køyre, det er dyrt og unødvendig. Når ein reiser med ferje er det berre eit hefte for oss å stoppe på Folkestad.

Difor sender eg klage til Styret for VØR, og håper de vurderer søknaden på nytt, gjerne som ei prinsippsak: Kor mange bossavgifter skal to pensjonistar betale for i Volda kommune?

Helsing

Anne Steinsvik Nordal

Edle Holmin

Fra: Anne Steinsvik Nordal <nostanne@outlook.com>
Sendt: tirsdag 19. oktober 2021 09:53
Til: firmapost@vor.no
Emne: Klage på søknad om fritak
Vedlegg: Dalsbygd.docx

Vedlagt er klage på søknad om fritak for renovasjon i Dalsbygd gnr. 123 bnr.6 Dalsbygdvegen 152.

Anne Steinsvik Nordal

Sendt frå [E-post](#) for Windows

Frå: firmapost@vor.no
Sendt: fredag 26. mars 2021 11:29
Til: nostanne@outlook.com
Emne: Takk for din henvendelse

Takk for din henvendelse. Vi tar kontakt så snart som mulig

Mvh VØR

Kontakt oss

Fornamn Anne Steinsvik
Etternamn Nordal
Epost nostanne@outlook.com
Telefon 91371773
Adresse Rotsetgeila 11
Stad 6100
Kva har du spørsmål om? Abonnement
Melding Hei!

Me har to fritidshus i Dalsfjorden, og betaler dermed nesten fire tusen kroner i renovasjonsgebyr: for huset i Dalsbygda er det tungvint og vert ikkje brukt, når me må levere bosset på Folkestad, då tek me det like gjerne med tilbake til Volda.

Eg foreslår at styret i VØR vurderer samarbeid om fritidshusrenovasjon, når husa ligg i same området. Det må vere eit rimeleg krav.

Anne Steinsvik Nordal

Last opp bilde

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Torvmyrane 29
6160 HOVDEBYGDA

Anne Steinsvik Nordal
Rotssetgeila 11

6100 VOLDA

Hovdebygda, 11. oktober 2021

RENOVASJONGEBYR - gnr. 123 bnr. 6.

Viser til e-post motteke 21.09.21 vedkomande søknad om fritak for renovasjonsgebyr for fritidsbustad på eigedomen gnr. 123 bnr. 6 – Dalsbygdvegen 152.

Til orientering:

Etter forskrift for handsaming mv. av avfall og slamtøming for Volda og Ørsta kommunar § 2 omfattar denne forskrifta alle registrerte grunneigedomar i Volda og Ørsta, inklusiv kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendig brukseining i bygning. Også fritidseigedomar.

Frå 2017 vart alle fritidsbustadar i Ørsta og Volda kommunar omfatta av tvungen kommunal renovasjon og skal vere registrert med eit årleg renovasjonsgebyr. Miljødirektoratet har understreka at det ikkje er høve til å gi fritidsbustader fritak for gebyr, heller ikkje når eigar er registrert som busett i ei av VØR-kommunane.

§ 3 b) Fritidsbustad er husvære utan fast busetnad, som ikkje vert brukt over 4 månader i året. Ein kan ikkje ha fast bustadadresse ved eigedomen. Fritidsbustader er ikkje omfatta av § 10 c og d i denne forskrifta, som omhandlar søknad om gebyrfritak og gebyrdifferensiering for heilårsbustader.

Fritidsbustader som ikkje har eigne behaldarar er delte i 4 kategoriar:

- Kategori 1: Hytter/bustadhus som ikkje har fastbuande og som oppfyller alle 3 kriteria: Innlagt straum, innlagt vatn/avlaup og veg som er køyrbar heile året.*
- Kategori 2: Hytter/bustadhus som ikkje har fastbuande og som oppfyller minst 1 av kriteria i kategori 1.*
- Kategori 3: Alle hytter og bustadhus som er større enn 20 m² BRA, og som ikkje oppfyller nokon av kriteria i kategori 1*
- Kategori 4: Fritekne – Hus, hytter og sel mindre eller lik 20 m² BRA*

Huseigar har høve til å søkje om varig fritak for hus som står til nedfalls.

§ 11. Unntak/klager

Det at ordninga ikkje vert brukt, at bruken er tungvint eller vert sett på som unødvendig eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak frå ordninga eller betalingsplikta.

Då eigedomen gnr. 123 bnr. 6 ikkje har fastbuande, og huset på eigedomen ikkje vert sett på som eit hus til nedfall, er eigedomen registrert som fritidseigedom og med renovasjonsgebyr for fritidsbustad – levering til fellespunkt, som er lavaste gebyr for fritidsbustad.

Med visning til orientering ovanfor og i tråd med gjeldande renovasjonsforskrifter vert det ikkje gitt fritak for renovasjonsgebyr for fritidsbustad på eigedomen gnr. 123 bnr. 6.

§ 11. Unntak/klager – praktisering

Søknader om unntak og klager på praktiseringa av denne forskrifta skal sendast til det organet som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til fylgje, vert den sendt til Styret for VØR, som skal gjere endeleg vedtak.

Har de spørsmål kan de gjerne ta kontakt med oss på telefon 70 04 86 00 eller pr. e-post: firmapost@vor.no.

Med helsing
Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS

Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Hege Welle Aam
Sakshandsamar

Edle Holmin

Fra: Anne Steinsvik Nordal <nostanne@outlook.com>
Sendt: tirsdag 21. september 2021 12:35
Til: firmapost@vor.no
Emne: Renovasjon Dalsfjordvegen 4235

Hei!

Eg eig eit småbruk I Dalsbygd (4235), der ingen bur og der me ikkje er anna når me slår graset og gjer reparasjonar på husa. Me har hytte i Steinsvikja der me har renovasjonsordning og i tillegg betaler me sjølvsagt renovasjon for Rotsetgeila 11.

Hittil har eg betalt for reovasjon i Dalsbygda, men har enno ikkje levert eit gram med avfall til anlegget på Folkestad. Me tek me det vesle som skal kastast til Volda når me reiser heim, det er for tungvint å levere på Folkestad. Det er lang veg å køyre(over ei mil) og me har ikkje bruk for denne ordninga.

Difor søker eg om fritak for renovasjon for Dalsbygdvegen 4235.

Me vil sjølvsagt seie frå dersom det vert bruksendring i Dalsbygdvegen 4235.

Helsing
Anne Steinsvik Nordal

Sendt frå [E-post](#) for Windows